

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/296-30

## **Budsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020 – Tillegg til FT-sak 51/16**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 1,239 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
2. Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 0,346 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
3. Teneste 7322 Båt-, ekspress- og lokalruter vert auka med 0,395 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
4. Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert redusert med 7,246 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
5. Fylkesskatt vert auka med 0,147 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
6. Rammetilskot vert auka med 7,202 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
7. Teneste 5590 Landslinjer vert tilført 1 mill. kr i auka inntekter i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Tilsvarande vert utgiftene på tenesta auka med same beløp.
8. Programområde 715 Lokal og regional utvikling vert auka med 1,400 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 med slik fordeling:
  - Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 0,300 mill. kr årleg i 2017-2020.
  - Teneste 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 0,800 mill. kr i 2017 og med 0,700 mill. kr årleg frå 2018-2020.
  - Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert auka med 0,300 mill. kr årleg i 2017-2020.
  - Teneste 7157 Internasjonalt arbeid vert auka med 0,1 mill. kr årleg frå 2018-2020.
9. Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til omstillingsfondet med 11,215 mill. kr i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.
10. Som ein konsekvens av vedtakspunkta 1-9 over vert dei nye økonomiske driftsrammene i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 slik:

<b>Økonomiske rammer</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
<b>Fellesinntekter og -utgifter - netto</b>	<b>-2 263,163</b>	<b>-2 246,078</b>	<b>-2 221,597</b>	<b>-2 149,660</b>
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	174,678	166,100	165,701	165,053
Opplæring	850,302	836,569	820,587	815,904
Tannhelsetenesta	81,531	78,786	78,786	78,786
Næring og kultur	151,569	144,309	143,909	143,909
Samferdsle	1 005,083	1 020,314	1 012,614	946,008
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 263,163</b>	<b>2 246,078</b>	<b>2 221,597</b>	<b>2 149,660</b>

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020

**SAKSFRAMSTILLING**

Ved handsaminga av FT-sak 51/16 Budsjett 2017/økonomiplan 2017- 20 vedtok FT følgjande:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen tidleg i 2017 om å kome med ei tilråding til justert budsjett 2017 og tilhøyrande økonomiplan (2017-20) basert på relevante postar i føreliggjande budsjettavtale mellom regjeringa og samarbeidspartia i Stortinget.»

Bakgrunnen for dette vedtakspunktet var at partia Høgre, Frp, Krf og Venstre vart einige om ein budsjettavtale for statsbudsjettet 2017 den 3. desember 2016. I denne avtalen vart det gjort fleire endringar som gir økonomiske konsekvensar for vår fylkeskommune. Den fylkeskvise fordelinga av endringane var ikkje kjent då FT handsama budsjett 2017/økonomiplan 2017- 20. Dette vart FT orientert om i eit tilleggsnotat til FT-saka.

Fylkesrådmannen vil her kort orientere om dei økonomiske konsekvensane for vår økonomi som følgje av budsjettforliket, samt kome med tilrådingar til budsjettendringar. I tilrådingane har eg lagt til grunn at dei løyvingane som er endra frå staten si side vert tilsvarande endra hos oss.

**Endringar i rammetilskot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)**

KMD har i brev, datert 04. januar 2017, orientert om det økonomiske opplegget for fylkeskommunane etter Stortinget sitt budsjettvedtak. Endringane er følgjande:

Auka lærlingtilskot

Lærlingtilskotet vart auka med kr 2 500 per kontrakt, samla 50 mill. kr som er fordelt etter kostnadsnøkkel for vidaregåande opplæring. Det gjev ei auke for Sogn og Fjordane fylkeskommune på 1,239 mill.kr. Fylkesrådmannen tilrår at teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka tilsvarande i budsjettet/økonomiplanperioden.

Kompensasjon auka CO<sub>2</sub>-avgift

CO<sub>2</sub>-avgifta på mineralolje vart auka med 6 øre/literen frå 1.01.17. Avgiftsauken fører til auka utgifter på inngåtte avtalar om drift av fylkesvegferjer og lokale båtruter. Samla er auken i statsbudsjettet på 10 mill. kr, fordelt med 6 mill. kr knytt til fylkesvegferjer og 4 mill. kr knytt til lokale båtruter. Desse midlane vert fordelt etter båt- og ferjekriteria i kostnadsnøkkelen. For vår fylkeskommune betyr dette ein auke på 0,346 mill. kr knytt til fylkesvegferjer og 0,395 mill. kr knytt til lokale båtruter. Fylkesrådmannen tilrår at teneste 7310 Fylkesvegferjer og teneste 7322 Båt-ekspress- og lokalruter vert auka tilsvarande i budsjettet/økonomiplanperioden.

Omprioritering av rammetilskotet til fylkeskommunane – redusert satsing på veg

Stortinget vedtok å omprioritere 100 mill. kr frå fylkeskommunane sitt rammetilskot til regionale utviklingsmidlar kap. 551, post 64. Som følgje av dette vart regjeringa si styrking til fornying og opprusting av fylkesvegnettet redusert frå 200 mill. kr til 100 mill. kr. Denne reduksjonen utgjer for Sogn og Fjordane fylkeskommune 7,246 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald, vert redusert tilsvarande i budsjettet/økonomiplanperioden.

Endringar i skatteopplegget

Det er gjort mindre endringar i skatteopplegget for 2017. Anslaget for fylkeskommunane sine skatteinntekter vert difor auka med 7 mill. kr. Som følgje av dette vert rammetilskotet redusert tilsvarande. Endringa vert fordelt med eit likt beløp pr. innbyggjar for alle fylkeskommunane, noko som for oss utgjer 0,147 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at skatteanslaget vert auka tilsvarande i budsjettet/økonomiplanperioden.

Endringar i rammetilskotet og auka tapskompensasjon

Stortinget vedtok å auke samla tapskompensasjonen med 40 mill. kr. Dette beløpet er så fordelt med same relative fordeling som i forslaget til statsbudsjett. Dette gjev vår fylkeskommune ein auke i tapskompensasjon på 12,615 mill. kr årleg. Dette er eit mindre beløp enn det vi forventa å få sett utifrå den fordelinga av tapskompensasjonen som vart gjort i 2016.

Budsjettert rammetilskot vert som følgje av tilrådde endringar over auka med 7,202 mill. kr frå 1663,993 mill. kr til 1671,195 mill. kr, spesifisert slik:

- Auka lærlingetilskot	1,239 mill. kr
- Kompensasjon for auka CO <sub>2</sub> -avgifter	0,741 mill. kr
- Omprioritering av rammetilskot - vegsatsing	-7,246 mill. kr
- Endringar i skatteopplegget	-0,147 mill. kr
- Auka tapskompensasjon	<u>12,615 mill. kr</u>
SUM	<u>7,202 mill. kr</u>

Eg tilrår at rammetilskotet vert auka med 7,202 mill. kr i budsjettet/økonomiplanperioden.

### **Andre endringar som følgje av budsjettforliket**

#### Regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar)

Budsjettforliket førte til ein auke i regionale utviklingsmidlar med samla 260 mill. kr, fordelt med 60 mill. kr til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta og 200 mill. kr til inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn. Den fylkesvise fordelinga av desse midlane er enno ikkje kjent.

I budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 vart bruken av desse midlane lagt om, slik at alle KMD-midlar no vert nytta innafor sektoren næring og kultur. Som ein konsekvens av denne omlegginga vil vår del av auka KMD-midlar bli tilført sektoren næring og kultur i sin heilheit.

Då vi enno ikkje kjenner det endelege nivået på KMD-midlar, må fylkesrådmannen kome attende til dette punktet ved første høve.

#### Landslinje for skiskyting, Stryn vgs.

Budsjettforliket førte til auka løyving på 1 mill. kr knytt til landslinje for skiskyting ved Stryn vgs. Fylkesrådmannen har så langt ikkje informasjon om kva som ligg til grunn for løyvinga, men det er mest truleg at tilskotet skal dekke kostnader til landslinja for hausten 2017. Fylkesrådmannen veit førebels ikkje om det er forventet at vi også må/bør stille med eigne tiltak, midlar mv.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det statlege tilskotet førebels vert tilført programområde 559/teneste 5590 Landslinjer. Tilsvarende vert det tilrådd at utgiftene på programområdet/tenesta vert auka med same beløp. Med denne tilrådinga vert det ikkje behov for å endre fylkestinget si løyving då både auken i utgifter og inntekter vert tilført same programområde/teneste. Fylkesrådmannen vil kome attende til ev. naudsynte budsjettendringar for 2017 i tertialrapport 1/17. For åra 2018-20 vert dette ein del av den ordinære budsjettprosessen.

#### Fagskuleutdanninga

Budsjettforliket førte til ein auke i fagskuleutdanninga på 10 mill. kr. Den fylkesvise fordelinga av desse midlane er enno ikkje kjend. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette punktet viss vi vert tildelt ein del av den auka løyvinga.

#### Skredsikring fylkesvegar

Budsjettforliket førte til ein auke i løyvinga til skredsikring på fylkesvegnettet med 56 mill. kr. Den fylkesvise fordelinga av desse midlane er enno ikkje kjend.

Tildelte skredsikringsmidlar vert nytta i sin heilheit til investeringsprosjekt. Fylkesrådmannen vil kome attende til ev. naudsynte budsjettendringar i tertialrapport 1/17.

### **Reversering av vedtekne innsparingstiltak**

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett var det foreslått ei omprioritering av KMD-midlar til auka satsinga på fylkesvegar. For vår fylkeskommune medførte dette at budsjetterte KMD-midlar vart redusert med 12,9 mill. kr. Som ein følgje av dette vart sektorrammene redusert med samla 7,9 mill. kr, fordelt med 6,5 mill. kr på næring/kultur og 1,4 mill. kr på programområde 715 lokale og regional utvikling. Fylkesrådmannen skreiv vidare følgjande til finansutvalet;

*«Vår økonomiske situasjon vil endre seg dersom opptrappinga av tapskompensasjonen vert forhandla inn som ein del av budsjettforliket. Viss vi får auka tapskompensasjon også for 2017, vil fylkesrådmannen i utgangspunktet vere positiv til å reversere heile innsparingskravet på 7,9 mill.kr.»*

I budsjettforliket vart tapskompensasjonen auka, men med eit mindre beløp enn forventet. Fylkesrådmannen konkluderer likevel med at vårt økonomiske handlingsrom samla sett har vorte noko styrka. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at vedtekne innsparingskrav/-tiltak på 1,4 mill. kr knytt til programområde 715 lokal og regional utvikling vert reversert. Dette gjev følgjande tilråding i budsjett/økonomiplanperioden:

- Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 0,3 mill. kr årleg i 2017-2020.
- Teneste 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 0,8 mill. kr i 2017 og med 0,7 mill. kr årleg frå 2018-2020.
- Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert auka med 0,3 mill. kr årleg i 2017-2020.
- Teneste 7157 Internasjonalt arbeid vert auka med 0,1 mill. kr årleg frå 2018-2020.

Når det gjeld ei ev. reversering av dei vedtekne innsparingstiltaka på sektoren næring/kultur tilrår fylkesrådmannen at vi kjem attende til dette. Vi må først få oversikt over den samla tildelinga av KMD-midlar for 2017. Først då kan vi sei noko om storleiken på innsparingane.

### Saldering og nye sektorrammer

Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 vart saldert med både bruk og avsetting til omstillingsfondet. Fylkesrådmannen vil i denne saka tilrå å nytte same salderingsstrategi. Alle endringar i rammetilskotet, med unntak av auka tapskompensasjon, har som konsekvens tilsvarande endring i sektorrammene.

Når det gjeld auka tapskompensasjon på årleg 12,615 mill. kr er det i denne saka tilrådd å nytte årleg 1,400 mill. kr til lokal og regional utvikling. Fylkesrådmannen vil såleis tilrå at resterande tapskompensasjon på årleg 11,215 mill. kr vert avsett til omstillingsfondet.

Som ein konsekvens av alle tilrådingar i denne saka vert dei nye økonomiske rammene i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 slik:

Økonomiske rammer	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
<b>Fellesinntekter og -utgifter - netto</b>	<b>-2 263,163</b>	<b>-2 246,078</b>	<b>-2 221,597</b>	<b>-2 149,660</b>
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	174,678	166,100	165,701	165,053
Opplæring	850,302	836,569	820,587	815,904
Tannhelsetenesta	81,531	78,786	78,786	78,786
Næring og kultur	151,569	144,309	143,909	143,909
Samferdsle	1 005,083	1 020,314	1 012,614	946,008
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 263,163</b>	<b>2 246,078</b>	<b>2 221,597</b>	<b>2 149,660</b>